



Ikkje minst betong-konstruksjonane i enden av piren fekk merka orkanen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Båtlag har ein veg å gå mot ei avklåring om kva som skal skje etter dei ålvorlege skadene i båthamna etter orkanen i helga. – Men det er heilt klårt at vi må få opp anlegget att så snart som mogeleg, seier leiar Harald Erdal til uskedalen.no.

Han legg til at dei framleis vil ha båtar liggjande på utsida av moloen.

- På grunn av plassproblema har vi ikkje noko anna alternativ, seier Erdal.
- Så båtlaget er ikke skremt av det som hendte orkan-natta?
- Ein må hugsa at tilhøva var heilt ekstreme, men ei bylgjehøgde på to meter, svarar leiaren.



Dei fleste som hadde farkostane sine langs den hardt skadde piren har no omplassert båtane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var sist vår at dei 90 båtplassane til Uskedal Båtlag vart supplerte med 20 nye langs ein ny pir som vart plassert på utsida av moloen og som kom på 750.000 kroner. Det var dei som meinte at piren vart liggjande for utsett til for ver og vind, men leiinga var av ei anna meining.

Tirsdag venta leiiinga i båtlaget på ein takstmann frå forsikringselskapet If. Han vil om om nokre dagar leggja fram eit overslag over dei omfattande skadane. Før ein slik takst føreligg, kan ikkje Erdal seia noko om kva som

vil skje vidare.

Han vonar sjølvstakt at forsikringane er i orden og vil dekkja skadene, men det veit han enno ikkje noko om.

Av Ola Matti Mathisen



Leiar Harald Erdal og styremedlem Øystein Koløy framfor utvidinga av båthamna sist vinter. Dei drøymde ikkje om at piren skulle bli skamfert så kraftig etter stutt tid.